

Halling- ljom



Lagblad for Hallinglaget - i Oslo -
- N.R. 2/20

INNHALD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Hallingbu, hytta vår	side	6
Minneord Svein Inge Øen	side	7
Dansing vinteren 2020	side	8
Minneord Olav Ødegården	side	10
Hallingspringaren på vent!	side	11
Program for hausten	side	13
Slåttekurs på Ryghsetra	side	14
Bildeside	side	18
Smittevernreglar i BLS	side	19
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

FYRIORD

Etter eit særslig optimistisk fyriord i januarutgåva av Hallingljom har me dette året opplevd å bli slått ut av Coronaviruset! Etter at Norge stengte ned heile landet 12. mars har det ikkje vore pardans i Hallinglaget eller andre lag! Me måtte avlyse fjerde øvinga 11. mars, då alt begynte å bli usikkert, og etter det var all dans i Nordahl Bruns gate slutt for vinteren/våren! Hallinglaget måtte også avlyse alle danseøvingane for resten av vårsemesteret. Men me klarte å skipa til ei triveleg sommaravslutning 3. juni der Åsmund Fauske heldt konsert på hardingfele. Saman me godt spel kosa me uss med lefsekling frå Flå og kaffi/tè. Dei som kom likte seg og sa at laget må finne på noko slags moro til hausten ...



Bi

Ide frå konserten 3. juni, der det var ti tilhøyrarar til stades. Det var interessant å høyre korleis Åsmund hadde lært seg å spele så godt og blitt ein dyktig folkedansar.

Fotograf: Svein Aasen

I januar skreiv eg mellom anna: « ... og det må skyldas at **spelet og dansen** har noko ved seg som fengjer. Det er noko fascinerande å dele eit par dansar med eit anna menneske, då er det me to som sviver gjennom verda i ei kort gledestund i den store evigheita. Og det er noko rart med hallingspringaren: at ein kan danse i to timer med ei lita pause utan å bli sliten, berre bli varm og god og litt sveitt!» - trist at dette ikkje kan fortsetja på ei stund ...

Men så kom Ulf-Arne Johannessen nedover til Oslo, han ville bu i hovudstaden eit halvår. Han og Åsmund ivra for hallingdans/laus for «folket» - *for folk som vil prøve seg i laus!* ...

Fyrste øvinga var 9. september, og for ei tilstrøyming av glade dansarar – folk har tydelegvis vore svelteföra med for lite dans dette året! Og med norgesmeister Ulf-Arne som instruktør og gnistrande dansespel av Åsmund måtte det jo bli bra. Me over og dansar hermegåsa så langt me klarer. Mange av dei som kom kunne mykje frå før og me andre klarte å lære meir enn me trudde var mogeleg. Folk stråla av glede når dei gjekk heim for detta var moro. Det slår meg kor rik dansen i Hallingdal

er, både springaren og lausdansen. Når Ulf-Arne syner oss dei ulike turane og vendingane i langsam kino er det makelaust kor stø og sikker han er. Det inspirere oss andre å prøve så godt me kunne. Sjølv den enklaste tur har detaljar som ein kan øve i dagevis på – så her er det nok å fordjupe seg i.

Ved sida av dette ser me at små konsertar kan være noko å satse på. Så me håper å få til noko framover. Kanskje me også kunne ha foredrag, det var noko Hallinglaget hadde før i tida. Elles vil me i styre og stell sette pris på om me får gode idear av folk i laget. Etter september har me berre Blåsalen, ein sal som vel berre kan ta 20 personar, så me får eit problem med antalet når me skal klare einmetersregelen. Det må me, så det kan bli påmelding til øvingane! Og blir det verre må me nok avlyse eindel av øvingane denne hausten også.


Dette året har vore og ser ut til å bli ein stor prøvelse for landet og for den einskilde. Tenk på alle konsertar, kappleriker, dansetreff og idrettsarrangement som har vorte avlyst denne våren og sommaren. Og framleis er det svært vanskeleg å få til noko på grunna av einmetersregelen som gjer at det blir plass til få! Og der det maksimale antalet med folk er så lågt at det ikkje kan bære seg.

Noko som har redda meg er at eg har gått ein del, eg har gått mange turar rundt der eg bur og på fjellet. Dette året har eg fått fylt opp fryseboksen med bær og fjellaure. Det var veldig bra med molter og blåbær dette året, og no står tyttebæra for tur. Elles kom eg over noko eg likte å lese: eit utsegn av den danske filosofen Søren Kierkegaard. Han var både teolog, filosof og psykolog og levde for 200 år sidan (født 1813). Hans motto synes eg er ekstra aktuelt under dei spesielle tidene no, der ein skal halde avstand til andre folk:

«*Tap for all del ikke lysten til å gå. Jeg går meg til det daglige velbefinnende, hver dag, og jeg går meg fra enhver sykdom, Jeg går meg til mine beste tanker, og jeg kjenner ikke en tanke å tung at man kan gå fra den. Når man slik fortsetter å gå, så går det nok»*

Måtte Hallinglaget leve i mange år til!

*Beste helsingar
Terje Grangård
Leiar i Hallinglaget*



Den nye logoen til Hallinglaget

Hallingbu våren/sommaren 2020

I dette heilt spesielle året me er inne i gjekk spikjikjøtturen ut, det må vere fyrste gong på aldri så mange år, men istaden prøve me oss på ein liten tur helga etter. Dette gjekk fint da det ikkje vart fleire enn 4 stykker som meldte seg på. Trond var sjølv sagt den sprekaste som møtte oss med sykkel oppe i bakkane, mens me andre - Terje, Svein og Else tok beina fatt

Vel oppe tok det ikkje lange tida før eit par av oss låg og plaska i Ormtjern, som var mykje varmare enn venta, heilt topp, og me symde over te andre sida og tebake utan å frose det aller minste.

Terje og Svein hadde fyrt opp bållassen ute og det vart grilling og god mat, og ikkje minst godt å få sett kvarandre og høyrta korleis dagane hadde vore denne tida utan verken dans eller samkome av noko særleg slag.

Me har hatt nokre tankar om taket på Hallingbu og eg har difor teke kontakt med ein blikkenslagernevø av meg som har fått forklara tilstanden på taket og pipa og sett bilder. Han må sjølv sagt sjå taket sjølv for å kunne vurdere det skikkeleg, men så langt, og sidan me ikkje har noko problem med taket no meinte han at det nok ikkje trengtes å gjerast stort enda. Det var betryggande, og i følgje leiaren heldt eit slikt bølgeblekktak i 100 år, endå meir betryggande :) evnt. kan me måle bølgeblekket med eit nytt strøk Bengalakk Arkanol, det vil aldri skade, og så vil det uansett vere lurt å sjå over pipebeslaget jevnleg for lekkasjar som kan tettast med fuge/tetningsmiddel.



*Hallingbu ligg der så stille og fint på haugen ovanfor Ormtjern. Her kan ein finne fred.
Fotograf: Svein Aasen*

Me var au usikre på tilstanden te vindskiene og såg over dei, som heller ikkje såg så verst ut, noko kan byttast, men inga bråhast der heller.

Som alltid vart det ein fin tur te Hallingbu, og sjølv om me hoppa bukk over overnatting denne gongen fekk me ein god bonus i turen ned ein fin sumarkveld som nesten aldri ville ta slutt.

Alle er velkomne te Hallingbu, også i disse tider, bare å følge råd og vink frå regjeringa så gjeng det veldig fint.

Else Mohn

Svein Inge Øen 1952 – 2020



Folkemusikkens gode ven Svein Inge Øen frå Geilo gjekk bort etter alvorleg sjukdom med Corona denne våren. Svein Inge var ein god spelemann og meisterleg lagdansar, han kunne også kunsten å danse danse hallingspringar med to følgjer! Svein Inge var veldig viktig for folkemusikkmiljøet i Hallingdal, for han dreiv Øen Turistbedrift der det alltid var open hus for samkomer med folkemusikk og gamaldans. Hallinglaget lyser fred over hans minne.

DANSEØVINGAR VINTEREN 2020

Danseøvingane starta opp veldig bra vinteren 2020, det vart tre forrykande springarar før Coronaen sette ein stoppar for all dans og moro. På den fyrste øvinga i januar spelte Åsmund Fauske Jøtun særsla bra og drog med seg ungdom frå Musikkhøgskula i Oslo. Det likte me bra og på andre øving følgde far og son Myhren godt opp. Unge Kjetil Meberg Myhren på 14 år er eit stort spelemannstalent og hans glade vesen får smilet fram i dei som dansa. Alle, både unge og gamle i laget følte at me var i gang med eit supert danseår.



Groven Myhren og sonen Kjetil Meberg Myhren spelte også på LKL på Vågå i 2019.
Fotograf: Terje Grangård

Ungdomen kom og skapte liv og ekstra dansemoro, det starta for fullt på juleavslutninga i fjor, den minst 7 var under 26 år. Underteikna har ei stund ivra for minikonsertar og då ein god ven av laget, Mattias Thedens, sist haust begynte på Musikkhøgskula var det mogeleg å få til ein minikonsert. Konsertserien fekk namn «hjarte til hjarte»-konsertar - uformelle konsertar med to-tre låtar og litt prat, der hensikta var å bli betre kjent med dei unge og oppmunstre dei til å spele. Betalinga var symbolsk, men for ein konsert det vart på tredje øvinga 12. februar. Hallinglaget rettar ein stor takk til Mattias og spelemannen Jegeir Trøim som spelte til dans resten av kvelden. For ei super øving, me var i hundre og alt såg lyst ut framover våren.



Mattias Thedens leverte ein super minikonsert!



Takk til gjesteartist Jegeir Trøim frå Hemsedal!

Alt var klar til fjerde øvinga – då skulle Åsmund spele att og eg hadde fått overtalt neste student til minikonsert, Zosha Warpeha. Ho er utvekslingsstudent frå USA og har dansa med oss siste halvåret. Alle gleda seg veldig, men så slo coronaen til og me måtte avlyse heile øvinga 11. mars; dagen før heile Norge var stengt ned! Veldig trist, men det var ei rett avgjerd, for det vart ingen dans i Nordahl Bruns gate denne kvelden. Eg fekk ei melding frå Erik Haugros, leiar i Symra, på kvelden at så stille hadde han aldri sett lokala ein onsdagskveld.

Etter dette vart det ikkje meir dans i laget denne våren. Men me skipa til ein triveleg konsert med Åsmund 3. juni som siste øving. Det var så koseleg å sjå kvarandre att for oss ti som møttest og Åsmund leverte ein sær fin konsert og prata litt om sine gode lærarmeistrar som har bidrige til at han har blitt så god ein dansespelemann. No kryssar me alt me har om at me snart kan fortsetja med dans og moro. Hausten er ikkje berre lys, det at me skal halde oss ein meter frå kvarandre, gjer mest all dans vanskeleg – måtte det snart bli betre tider ...



Vår gode spelemann Åsmund frå Gol!



Zosha var klar - og kjem att 23. sept.!

Terje Grangård



Trist nyheit: Olav Ødegården har gått bort!

Olav Ødegården dansa ein god del i Hallinglaget føi omlag 20 år sidan, i nokre år rundt tusenårsskiftet! Olav var svært interessert i spelet og dansen frå Hallingdal og elskar spelet til Hilde Kirkebøen. Olav leide også hardingfela til laget nokre år.

Forfattar Olav Ødegården var cand. philol. Med idéhistorie som hovudfag og faglærarutdanning i musikk. Han arbeidde som journalist og seinare korrekturlesar i Arkiteknytt heil fram til no. Eg snakka med han tidleg på året om me kunne bruke ein artikkel kan skreiv på nytt! Det kan me!

Hallinglaget lyser fred over hans minne.

Olav var journalist, filosof og god til å skrive. Eg syntest det var veldig bra at han skreiv ei rekke artiklar om dansen vår på den tida, i Spelemannsbladet og Hallingljom. Det er truleg at eg bruker artikkelen hans «Hallingspringaren i solnedgang» på nytt! Kjekt å ha 4-5 sider på lur når ein får alt for lite stoff til eit nytt lagsblad!

Mimrebilde frå ei kaffipause siste året :



Her sit me tettpakka rundt bordet på ein øving! Det vil dverre ta ei tid før det skjer att!

Det var ein gong då Koronaen kom til Nøri

Og Hallingspringaren vart sett på vent.

Det høyrest mest ut som eit eventyr av det gode gamle slaget, men denne gongen skulle det vise seg at eventyret vart noko meir enn eit eventyr, ein ubehagleg røyndom. Ganske så atasle heile greia slik at eg må klype meg i armen innimydljo for at eg heilt kan tru på det eg høyrer, at me era midt inne i ein verdensomspannande pandemi. Nokon kallar det tredje verdskrig. Andre nøyer seg med å kalle det eit Kinavirus. Alt er usikkert.

Som det meste , vart også Hallingspringaren og Hallinglaget stengt ned denne våren. Ein trist og uverkeleg vår! Ja, heile folkemusikkmiljøet gjekk i dvale, omtrent samtidig med at bjødn kom ut. Kan det vere ein samanheng her, ska tru? Dei fleste vil vel riste på hovudet, men eg ventar no spent på at bjødn snart skal leggje seg te att før vinteren. Så får me sjå.

Viss me ikkje få hjølp tå bjødn i kampen mot dette viruset, så ser eg for meg fleire vegar vidare for Hallingspringaren. Det styresmaktidn vilja ha, for å øpne upp, er det alle pratar om om dagen; smittevernrettleiarar. Kvifor ikkje utarbeide ein smittevernrettleiarar for Hallingspringaren, teinkjer eg, og set meg til å lage eit fyrsteutkast:

- 1) Er du sjuk- gå heim i karantene i 14 dagar. Det passar bra, neste springarøving er om 14 dagar!
- 2) Før du entrar Blåsalen må du sprite upp hendatn, sjølvsagt! Andre kropsdelar kan du også ta med i same slengen, men det bør ikkje vere eit krav. Det kjem sjølvsagt an på kos du har tenkt å utfalde deg i dansen. Dess meir uvølen du æ, dess meir må du sprite. Viss du vel å danse med hendatn i lommudn, kanskje det kunne vere noko i desse koronatider? så kan du rett å slett ta lett på spriten. Ikkje undi nokon omstende, bør spriten hamne innabords. Dette må vere eit absolutt krav, og avvik her kan ikkje tolererast. Me era tross alt i Blåsalen i Nordal Brunsgate.
- 3) Mulebind æ ikkje te å anbefale i Hallingspringaren. Pulsen æ alt for høg i denne spenstige dansen. Luftvegadn må vere øpne- helst på vidt gap. Stengjer du luftinntaket med eit mulebind, æ e redd før at du vil svime tå og havne på gølvet. Dansing ette gølvet æ bra, men ikkji med horisontalen- det æ det ingen tradisjon før i Hallinglaget.
- 4) Hald avstand, men ein meter får klare seg. Dette punktet er ikkje det store problemet i Hallingspringaren. Dei fleste turadn i denne dansen har vorte dansa med ein meters avstand i uminnelege tider, også fyri koronaen sette inn. Så ko gjera me då?? Jau, me gjera det me era veldig gode te i Hallinglaget; å halde på dei gamle tradisjonadn.



Men visste du at ein meter
æ ikkji støtt ein meter ?
Nokon pratar om
svenskemeteren som er
noko ganske anna. Det ha
svenskadn fått svi før.
Valdresmeteren, derimot,
er omframt god. Bruk den!
Den er underkommunisert
og bør lyftast fram. Det æ
ein grunn te at smittetale æ
so låge i Valdres.

Her sjå me hallingspringaren dansa med god avstand mellom dansarane. Denne turen bør me ta med oss inn i øvingane framover hausten.

Regelen om ein meter avstand, gjeld først og fremst før dei øvre kropsdeladn slik som hår, bart , snørr osv. Lenger nede er det fritt fram, ingen begrensningar, og meteren her kan du berre gløyme. Folkehelseinstituttet kan sikkert koma med fornuftige presiseringar? (som støttar mine innspel?)

Til slutt vil eg slå eit slag for lausdansen i desse koronatider. Denne flotte og tradisjonsrike dansen bør hentast fram te folk flest. Ikkje berre godt trenar ungdomskrøppar som tevlar på kapplikadn, men også alle me are, må få uppleve dei spenstige turadn i denne dansen. Det æ berre å ta re mæ tøl te å begynne med, så koma turadn tå se sjøl. Eg kan ikkje sjå at det skulle vere eit krav om smittevern for denne dansen? God koronadans!

Olav Arne Løstegaard



Åsmund Fauske Jøtun og Ulf-Arne Johannessen satsar også på lausdans denne hausten ...

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2020

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Me har søkt om sal desse onsdagane, så det kan bli aktivitet:

- 9. sep.** Hallingdans/Laus kl. 19.00. – Ulf-Arne Johannessen instruerer/
Åsmund Fauske Jøtun spelar.
- 23. sep.** Diverse aktivitet i Storsalen kl. 19.00 -
Konsert/Laus/Springarteknikk – mykje skjer i Storsalen ...
Konsert med Zosha Warpeha(US) og Isa Homgren(S)
- 7. okt.** Diverse aktivitet i Blåsalen kl. 19.00. -
- 21. okt.** Diverse aktivitet i Blåsalen kl. 19.00. -
- 4. nov.** Diverse aktivitet i Blåsalen kl. 19.00. -
- 18. nov.** Diverse aktivitet i Blåsalen kl. 19.00. -
- 2. des.** Diverse aktivitet i Blåsalen kl. 19.00. -
- 16. des.** Juleavslutning m/program og mat kl. 19.00 – 22.00

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 4. oktober: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget

Kl. 19.30: Folkedanskveld der Hallinglaget er tilskipar! Bli medhjelpar!

Meld deg på som medhjelper så me får til ein trivleg kveld!

Vaffelsteiking, servering, sjauing av stoler og rydding!

Det er viktig å halde sundagsdansen i gang i NB gt 22.

31. oktober og 1. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar. Diverre-AVLYST!

Instruktørar: Super instruksjon ved ???

Dansespel ved Åsmund Fauske Jøtun frå Gol.

Pris: kr 500, for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen! Mot opp!

~~dans deg glad og bli ein betre dansar!~~

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr).

Helga 26. - 29. november: Helga då mykje skjer! Om dei får det til!

Folkelarm og Oslo-kappleik på Riksscena!

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (asmundjotun@gmail.com)

Else Mohn: (95 87 92 70), (helsemor@hotmail.com) - Hyttesjef

SLÅTTEKURS PÅ RYGHSETRA 2020

Ei tilskiping som gjekk etter planen i sommar var “Slåttekurs på Ryghsetra” frå 3. til 5. juli. Underteikna sendte ut info om kurset og Hilde D. Nordlid fortalte ivrig om kurset under konserten me hadde på sommaravslutninga 3. juni. På grunn av Hildes sjarm og at Svein Aasen ville delta for andre gong gjorde at også eg meldte meg på! Og eg har ikkje angra på det.

Kurset var skipa til av Nedre Eiker Bygdekvinnelag og grunneigarane på Ryghsetra. Ryghsetra med ei 30 mål stor slåtteeng ligg idyllisk til ved Hagatjern oppe på åsen ovanfor Mjøndalen. Næraste nabo er Solsetra leirsted der me både hadde innkvartering og måltida.

Undertittelen til kurset var at dette var eit kurs i bevaring av det biologiske mangfaldet og tradisjonar knytt til kulturlandskapet. Det var eit genialt kurs som har funne sin form etter gjennomføring i heile 27 år. Noko av det beste var at det samstundes gjekk ein kurs i å lage til tradisjonskost, der Hilde og mora var sentrale aktørar. Det var kjempegod mat. Når ein tenker på at dei tre dagane kurset varte, fekk tre varme lunsjar, to gode middagar, tre solide frokostar og minst fem kaffimåltid med gode kaker ute, så må ein si at ein fekk att mykje for pengane. På laurdagen med strålande vær var det også slåttefest med musikk og triveleg samvær, meir info om dette til slutt i artikkelen.



Hilde og mora var sentrale aktørar i lage god mat! Ein stor takk til dei.
Ein stor takk til fotograf Svein Aasen som har tatt alle biletta i denne artikkelen!

I tillegg var det også lagt inn diverse kurs og informasjon om det ein såg i enga. Dette var ei eng på vel 30 mål som aldri hadde vore pløgd opp eller tilført kunstgjødsel! For eit rikt mangfald av planter og insekter; eg har ikkje sett maken til variasjon. Det var foredrag av mange fantastiske personar som verkeleg visste kvar dei prata om:

- Foredrag om kambrosilurartene i Oslofeltet ved Rosalind Waddams. Her fekk me vite kvifor dette området er så rikt og fruktbart, det har i forhistorisk tid vore havbotn.
- Vandring og foredrag om pollinerande insekter ved Lars Ove Hansen. Ein veldig dyktig og inspirerande kar som fekk alle interessert i insekter og deira viktige betydning.
- Vandring og prat om blomster og strå i enga ved Jan Sørensen og Ole Bjørn Bråten. Dei visste utruleg mykje om plantene i enga, det var visst over 180 ulike arter.

Det var godt med desse foredraga som også vart gode avbrekk i det krevjande arbeidet det er å slå med ljå, dra saman fòr og hesje. Det støtta også opp om målet til kurset som var å styrke kunnskapen om praktisk skjøtsel av biologisk verdifullt kulturlandskap. Noka av det som imponerte mest var alle grashoppene i enga, også den sjeldne vortebitaren som er på raudlista! Det krydde av dei i enga så det var lett for Svein og ta eit blinkskot! Sjå nedanfor.



Her ser me vanleg grashoppe (grøn) og vortebiter (gråbrun). Sistnemnte var brukt å bite av vorter i tidlegare tider! Dette er fredelege insekt, men dei har tenner og kan bite så blodet renn.

Det var artig og nyttig for meg å lære å slå meg ljå! Det er sjølvsagt slitsamt, men med betre teknikk gjekk det greitt å halde på nokre timar. Det var som på kappleik, der ein dansar meir enn ein trur at ein klarer. Så blir ein god og sliten, får matlyst og kroppen fungere betre enn om ein sit stille heile dagen. Det var veldig trivelege folk som var med på kurset, det var folk frå heile landet som ville lære seg meir om gamle slåtteteknikkar. Familien til grunneigaren som heitte Bakken stilte svært godt opp, heile tre soner med familiær.

Ein fekk også slipt ljåen sin på kurset om han hadde med ein. Han som lærteuss å slå meg ljå heitte *Steinar Meen* og han kunne kunsten med å slå, slipe ljåer og det siste som er å banke ljåen kvass!



Underteikna i fullt drive med ljåen på fredagen. Fotograf denne sida: Svein Aasen.



Morgonslått frå 06.00 til 07.30 på laurdagen! Heile 13 slo på rekke, då gjekk det unna!



Det vart svært høge hesjer, opp til 9 trådar for føret var kløkt. Dette var nytt for meg, som er vant til 4 til 6 trådar. Så hesjene måtte ha sidestøtter.

På laurdagkvelden var det *slåttefest* i nydeleg sommarvær, der våre eigen Bjørn Aaheim stilte opp på torader og einrader. Det vart så trivleg i teltet!



Saman med Bjørn var det eit dyktig ektepar som spelte til underhaldning og dans på festen:

Det var Sven Elling Nordalen på ulike trekksespel og hans svenske kone Laila M. Lindquist som kunne synge, spele fele og gitar og var utdanna organist!

Takk til alle som laga til ei særstak stund for oss som var der ...

Takk for kurset! - Terje Grangård

Bildeside: Styret i Hallinglaget



Styret 2019-2021: Frå venstre Terje Grangård, Gro Sissel Taraldrud, Heidi Wie, Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn og Åsmund Fauske Jøtun.



*Det er slik me liker det i Blåsalen, god dansing og tett med folk! Diverre er ikkje dette mogeleg for tida på grunn av smittevernreglene, sjå neste side... **Hallinglaget håper på betre tider!***

SMITTEVERNREGLAR I BLS HAUSTEN 2020 (litt forkorta!)

1. BAKGRUNN

- a. Covid-19 kan vera ein svært alvorleg sjukdom for dei som blir ramma.
- b. Det er viktig å hugse at ein person (du, eg, han/ho) kan vera smitta og smitteberar, også utan sjølv å merke eller ha symptomar på sjukdommen.
- c. Difor må vi følgje strenge reglar om smittevern, om handvask/hygiene og avstand.
- d. Reglane gjeld fullt ut for alle som ikkje er nærståande, dvs. hører til same husstand.

To personar som ikkje er nærståande (framande eller kjente) kan likevel bestemme seg for å danse med kvarandre, om dei er seg medvete og aksepterer den risikoen det inneber.

2. KVEN KAN DELTA I KVELDEN - OG KVEN MÅ HALDE SEG HEIME

- Berre personar som kjenner seg heilt friske og som ikkje er i pålagt isolasjon eller karantene, har rett til å vera med på folkedanskvelden.
- Hald deg spesielt heime om du har symptomar som kan knytast til covid-19. Dette gjeld m.a. for alle luftvegsinfeksjonar.

Ingen har nokon venskapeleg/sosial plikt til å delta! Hald deg borte om du er i tvil.

3. HYGIENE OG AVSTAND

a. Hygiene: Desinfeksjon og handvask

- Et *apparat for desinfeksjon* er festa på den nest ytste døra øvst i troppa. Dette en meint å skulle nyttast når ein kjem, før ein tek i mange dørhandtak, også inn til toaletta. Apparatet skal brukast ved inngangen av omsyn til andre som også kjem, og når ein går av omsyn til dei ein møter etterpå.
- Under opphaldet bør alle deltagarar *vaske hendene jamleg* og nøye. God handvask er eit vel så godt smittevern som desinfeksjon!

b. Avstand

Alle må halde minst ein meters avstand til andre - rekna frå hovud til hovud.

c. Vis omsyn

Ikkje nys eller blås i retning mot andre.

Kommentar:

På grunn av einmetersregelen kan me ikkje ha pardans i Nordahl Bruns gate 22 for tida. Desse reglane gjeld sjølvagt også for Hallinglaget, me kan ikkje danse vanleg hallingspringar!. Einmetersregelen krever omlag 4 kvadratmeter pr. person, dvs. at me i Blåsalen maksimalt kan være 20 personar. Dette må diverre være eit krav!

Styret slit med å finne gode kriterier for kven som kan delta utover hausten, det mest aktuelle er at me må ha påmelding til øvingane! Hallinglaget beklager dette sterkt; og blir det verre utover hausten må me diverre avlyse øvingane.

Terje Grangård

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2020

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**.

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget

TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 2. HALVÅR 2020

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>September '20</u>		
06.	Folkedansnemnda / Eiker spelemannslag	Ikkje minikurs
13.	Hordaringen / Østerdølene	Ikkje minikurs
20.	BUL / Bærum spelemannslag	Songdansboka
27.	SF-ringen / Golaget	Ikkje minikurs
<u>Oktober '20</u>		
04.	Hallinglaget / Elise med venner	Ikkje minikurs
11.	Numedalslaget / Stein Magne Eggen og Terje Rusten	Ikkje minikurs
18	Hordaringen / Fanteladdene	Ikkje minikurs
25.	Symra / Att og fram og Symradern	Ikkje minikurs
<u>November '20</u>		
01.	SF-ringen / De Frilynde	Ikkje minikurs
08.	Oslo Songdanslag / Samdanslaget	Ikkje minikurs
15.	Valdreslaget / Steinsgårdskroken	Ikkje minikurs
22.	Symra / Oslo stildansduo	Ikkje minikurs
29.	SF-ringen / Østerdølene	Ikkje minikurs
<u>Desember '20</u>		
06.	Hordaringen / Dølalæte?	Ikkje minikurs
13	Folkedansnemnda / Farande Fant	Juleavslutning

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

Inngang Minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld! Berre kr. 80,- for studentar**

.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Meir info.: sjå www.bl.no

Styret i Hallinglaget 2020–2021

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 Gol	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: asmundjotun@gmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@asker.kommune.no
Medlemer:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
	Else Mohn Resjhjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 482 04 652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 958 79 270
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%